

FAGNOTAT – Arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), KDP Oppvekst og oppdatert oversynsdokument

KVA SAKA GJELD

Dette fagnotatet tek utgangspunkt i dokumentet «Oppdatert oversynsdokument - bakgrunnsdata til kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS)». Dette er ei førebuande sak for arbeidet med #Bømlo2049, den nye kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS). Her er det òg moment som bør følgjast opp i ny kommunedelplan for oppvekst (KDP Oppvekst).

Saman med gjeldande oversynsdokument «Folkehelse i Bømlo kommune 2015-2016», dannar dette grunnlag for vidare handsaming og dei politiske vedtaka av dei endelege plandokumenta KPS og KDP Oppvekst. Folkehelse skal vere godt integrert i kommunen sitt planarbeid¹ og er eit tverrsektorielt ansvar.

Hovudtema i godkjent planprogram for KPS vil gå igjen fleire stader. Gjeldande målsettingar og detaljar i KDP Helse-, sosial- og omsorg 2017 – 27, med handlingsplan, ligg og til grunn for dette fagnotatet. Fleire tiltak blir nemnt og detaljbeskrive der.

I dette fagnotatet trekk me fram nokre hovudmoment som relevante for både desse og andre planar. Kommunen skal ha ein heilskapleg strategi, kor då KPS blir eit viktig dokument for å få dette til.

Skal kommunen førebu seg på, og påverke, desse utfordringa fram mot 2049, krev det langsiktig, politisk planlegging og styring. Her trekker me fram nokre tema basert på punkta i justert oversynsdokument.

BAKGRUNNSTALA OG LANGSIKTIGE MÅL

Når ein les eit oversynsdokument, kan det i etterkant vere lett å berre tenke på helse- og sosialpolitiske tiltak. Det blir for snevert, for dette angår vel så mykje andre sektorar. Kanskje er helse-, sosial- og omsorg (HSO) den siste sektoren ein bør tenke på i denne samanheng?

Når ein skal gripe fatt i utfordringane heilskapleg, inneber det til dømes bustadstrategiske, kulturpolitiske og oppvekstmessige grep. Dette er gode verkty som ein kan bruke tidleg, for å oppnå at all planlegging skal fremje folkehelse og at alle i Bømlo skal oppleve høg livskvalitet.

Fleire eldre, færre arbeidsføre

Som bakgrunnsdata syner vil delen av eldre fram mot 2049 i Bømlo kommune, auke, samstundes med at antal arbeidsføre vil gå ned. Bømlo har òg eit visst antal eldre som flyttar hit frå andre kommunar. Ei aldrande befolkning er ikkje eit problem. Tvert om, så er eldre ein stor ressurs for lokalsamfunnet, til dømes med tanke på frivilligheit, sosialt liv og kulturtilbod (både som nytarar og produsentar). Det er sjukdom, uførleik og låg livskvalitet – uansett alder -, som er ei utfordring for alle og ein kvar av oss, på heile Bømlo.

¹ Info og referanser til lovverk, sjå «Folkehelse og kommuneplanlegging», Helsedirektoratet 15-033 (2011)

At det blir færre yrkesaktive i kommunen, betyr lågare inntekter, som igjen går ut over tilboda for alle innbyggjarane. På nasjonal basis er hovudårsaka at dei unge flyttar mot byane for å studere. Denne gruppa – utflyttarar som «nye» - må Bømlo gjere seg attraktive over for, om ein ønsker framtidig vekst og kompetanse. Eit anna viktig gruppe er arbeidsinnvandrarar, sidan dei generelt busett seg oftare i distriktskommunar².

To langsiktige, strategiske mål kan då vere:

- Førebygging: planlegging som generer høg livskvalitet og held befolkninga frisk
- Kvart år få fleire arbeidsføre, unge i etablerfasen, til å flytte til Bømlo

Det første punktet er mykje omtala og følgt opp i gjeldande KDP HSO, med handlingsplan, men dette krev som sagt andre sektorielle løysingar i tillegg.

Det andre punktet er òg omfattande, og handlar om til dømes identitet, oppvekst, omdømme, kulturtilbod, mobilitet og arbeids – og bustadpolitikk. KPS skal gje overordna, politiske føringar for dette. Noko av dette skal ny KDP Oppvekst, med handlingsplanar, følgje opp meir i detalj.

Merk at oversynsdokumentet syner at kommunen bør ha ein «høg vekst» av barn og unge fram mot 2040 for å vere på ha like mange barn og unge som i 2018.

FØREBYGGJE KVA

Basert på oversynsdokumentet, nasjonale bakgrunnsdata og lokal statistikk, er det viktigaste å førebyggje framover:

- for tidleg død av ikkje-smittsame sjukdomar (livstilrelatert)
- psykiske lidingar
- muskel og skjelettplager

Klarar me dette, forhindrar me mykje uførleik, sosial isolasjon og store beløp i kommunebudsjettet kan frigjerast.

Døme overvekt

Aukande overvekt blant barn, er eit døme på eit livstilrelatert, nasjonalt helseproblem, men dette er heilt tydeleg ei større utfordring på bygda, enn elles. Årsakene til dette er komplekse og handlar i følgje forskingsprosjekt, om mellom anna om foreldra sin økonomi, utdanningsnivå, geografi og den kulturelle og sosiale praksisen på staden («Kakekos»-kultur? Mykje bilbasert transport i kvardagen? Motstand mot «bykultur»)³.

² Sjå omtale av (SSB) sine befolkningsframskrivingar for 2018–2100, i *Framtida* (27.06.18): <https://framtida.no/2018/06/27/i-framtida-vil-ein-av-tre-i-distriktet-vere-over-70-ar>

³ Forprosjekt RURALIS Institutt for rural- og regionalforskning (2017): <https://ruralis.no/2017/10/06/overvekt-blant-bygdebarn/>. Sjå omtale i *Forskning* 29.01.18: <https://forskning.no/partner-ruralis-institutt-for-rural-og-regionalforskning-barn-og-ungdom/bygdebarn-sliter-med-overvekt/292703>

Dette kan me forhindre i Bømlo med berekraftig, langsiktig, politisk planlegging. Denne utfordringa er og eit døme på noko som krev tverrsektorielle tiltak, men kor små kommunar kan ha eit fortrinn, om ein utnyttar faktorar som korte kommunikasjonslinjer og god sosial oversikt.



«Ruslemaking» med elevar frå Meling skule, august 2018.

Barn og unge sine innspel blir veldig verdifulle for dei som ønsker å planleggje for god oppvekst, god mobilitet og forhindre aukande fedme i framtida.

ULIKE GREP PÅ ULIKE OMRÅDE

I det godkjente planprogrammet for KPS er det gjeve ni hovudtema (kap. 4.2.2). Under samtlege av desse tema, næringsliv som klima, kan - og må - ein bruke og ta nokre langsiktige grep for å oppnå dei to strategiske måla over og for å førebyggje.

Her skal me trekke fram nokon moglegheiter for det vidare arbeidet med KPS og KDP Oppvekst. Under medverknadsfasen for KPS våren 2018, har grendautvala og barn og unge, kome med interessante og veldig relevante innspel i denne samanheng.

«Kven er eg» - stadtilhøyrse

Å høyre til ein plass, å vite kor ein er i frå, å vere glad i staden ein er oppvaksen på og opplever ein god oppvekst der, er grunnleggjande for livsmeistring⁴.

Det er ein god kvalitet ved Bømlo at lokalsentra våre er noko mange omtalar som ein god plass å vekse opp, og ønsker gode kvalitetar ved i framtida. Endå betre er det når me føler at me ikkje berre høyre til lokalsenteret sitt eller ei grend, men at ein høyre til *heile* fellesskapet og lokalsamfunnet Bømlo.

Stadtilhøyrse påverkar ikkje berre om me ønskjer å bli buande, men og korleis me blir inkludert og korleis me omtalar staden når me møter andre⁵.

Å vite «kven eg er» er grunnleggjande for livsmeistring og heng i hop med *sjølvkjensle*, ein viktig verdi som framtidas bømlingar må oppleve for å få eit godt liv⁶. Stadtilhøyrse og god *sjølvkjensle* forhindrar ikkje psykiske lidingar i livet, eller at ein unngår livsstilsjukdomar, men for lokalsamfunnet som heilskap, er det god førebyggjing.

⁴ sjå «sosial påverknad» i oppdatert oversynsdocumentet som ligg ved i denne saka

⁵ frå «Med hjarte for rette staden», læringshefte. Distriktsenteret – kompetansesenter for distriktsutvikling.

⁶ sitert etter «ordsky»-innspel på einingsleiarsamling, hausten 2016

Godt omdømme er attraktivitet

Viss dei som av ulike årsaker, som til dømes utdanning, flyttar ut av kommunen, har opplevd ein god oppvekst og har positiv stadtilhøyrse, er dette svært godt med tanke på å få fleire arbeidsføre til å flytte til Bømlo. Dette handlar Bømlo sitt *omdømme*. Ein kommune kan neppe kjøpe ein betre omdømmekampanje enn at både fastbuande og utflyttarar talar vel om og spreier ryktet om at Bømlo er ein stad ein ønsker seg til.

Dette gjer kommunen *attraktiv* for til dømes næringsliv, gründarar, tilflyttarar og kulturaktørar. Attraktivitet skal bli tematisert fleire gonger, men eit hovudpoeng her er at ein kommune som vil gjere seg attraktiv i dag, må gjere det på fleire måtar enn berre å ha disponibelt bustad- og næringsareal.

Visjon – «Kven er me Bømlingar»

Arbeidet med å komme utfordringane i oversynsdokumentet til livs, startar altså med at me blir einige om «kven er me bømlingar», altså ein felles *visjon*. Visjon handlar mellom anna å omtale kvarandre og kvarande sine grender og lokalsentra, positivt. Berre når me står saman som bømlingar, kan me skape dei beste og mest sunne oppvekstvilkåra, med dei beste service- og kulturtilboda.

Relevante innspelsdøme

Arbeidsgruppa til KPS og andre har heldt ei rekkje innspelsmøter med grendautval, ideverkstader i kommunestyret sine organ, ungdomsråd etc (sjå meldingssak «Arbeidet med #Bømlo2049 kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), hausten 2018» frå møterunde september 2118).

Desse skal bli meir bearbeidd og analysert utover hausten, men nokre trekk er det mogleg å sjå tydeleg no, spesielt det som handlar om kva som gjer ein stolt; kva er gode kvalitetar ved Bømlo som heilskap i dag.

Dette er grunnlag for ein felles visjon og forstå «Kven er me bømlingar»:


- **Kysten, kystkulturen, sjøen (bruk, tilgang til, minner, ...)**
- **Dugnad, «me stiller opp»,**
- **Gründer-and, driftige, «berre gjer da!»**
- **Anna: stolte av historia: gruve-/bergverksdrift, kristendomshistoria, fisket**

Desse momenta går igjen i alle generasjonar, over heile Bømlo.



Kystkultur og bruk av kystens kvalitetar går igjen som ein viktig verdi i alle generasjonar på Bømlo.


Blant dei mest interessante og relevante innspela med omsyn på denne saka og oversynsdokumentet, er at barn og unge ønskjer seg *sosiale møteplassar som genererer fysisk aktivitet*. Det kan dreie seg om alt i frå trampolinepark, zip-line, betre/fleire badeplassar, sykkeltilhøve etc.

 Bømlo kommune

Viss du skulle få besøk frå eit anna land;
kva ville du vist dei av Moster, kor ville du tatt dei med?

1. Gamle kyrkja fordi Da e den gamlaste stein kyrkja i Norge.
2. Gruo fordi om me får der så me kan bada.
3. Amfict fordi alle i hy...

Fikse gruo
Noko du saknar i Moster? Stader som kan bli betre?
Kva er viktig for at du skal trivst?
Skriv, teikne, forklar ... litt eller masse, ta fleire ark om du må. Bruk kartet... :-)



Relevant døme på innspel frå elevrådsrepresentantar. Her er det snakk om friområdet «Gruo» på Moster.

Merk at deltakaren har spelt inn tiltak som går på sosiale møteplassar, fysisk aktivitet og bruk av naturen/sjøen. Fråvære av boss og foreining er noko som går igjen i samtlige innspel, i heile Bømlo, til kva som gjer ein stad attraktiv.

«Gamle Kyrkja» er noko deltakaren tydelegvis er stolt av, og ein del av stadtilhørsla og identiteten, «kven er eg».

At dei unge ønsker seg slike tiltak, er eit verdifullt grunnlag for kommunar som ønsker seg vekst og ei befolkning med høg livskvalitet.

Merk òg at det ikkje nødvendigvis er haldningane, og det *haldningsskapande* arbeidet blant barn og unge som er utfordringa. Mange ØNSKJER å vere fysisk aktive. Det er det *åtferdsskapande* arbeidet,

altså å planleggje, (om-)prioritere areal, og å få fysisk infrastruktur på plass, som er utfordringa.

I både KPS, kommande KDP Oppvekst og gjeldande KDP Helse ligg så mange av løysingane i ein tidleg fase av livet: ein god oppvekst⁷.

Viktige overordna mål for både KPS og KDP Oppvekst kan då vere:

- **å få ein felles langsiktig visjon for heile Bømlo (kap. 4.1.1 i planprogrammet), som eit godt startpunkt for å kunne gripe fatt i samtlige av utfordringane som bakgrunnstala gjer oss**

⁷ Sjå til dømes oppvekstrapporten BUFDIR (2017) *En god oppvekst varer i generasjoner*: https://www.bufdir.no/global/Okte_forskjeller_gjør_det_noe_Intro.pdf

- **at alle barn i Bømlo kommune skal kjenna at dei er ein del av fellesskapet, føle at dei høyrer til og erfare at det er bruk for dei**

Sunne og trygge oppvekstmiljø er allereie overordna målsettingar under overskrifter som «slik vil me ha det»; mens å gjennomføre tiltak som sosiale møteplassar som genererer fysisk aktivitet, er handling «slik gjer me det».

Å etablere sosiale møteplassar som genererer fysisk aktivitet, er døme på tiltak som ikkje berre gjer betre oppvekstvilkår, men er òg reell førebygging av for tidleg død (ikkje-smittsame sjukdomar), psykiske lidningar og muskel og skjelettplager.

Å vedta slike målsettingar, som sunne og trygge oppvekstmiljø i KPS og kommunedelplanar, forpliktar og vil legge føringar på oppfølginga med *kommuneplanen sin arealdel (KPA)*. Dette er arealstrategiske føringar som passar godt å inkludere i samfunnsdelen.

MOBILITET

Einsemd og sosial isolasjon er svært helseskadeleg. Stillesitting og overvekt er eit aukande problem blant barn og unge.

Samstundes er god livskvalitet ikkje det same som fråvære av sjukdom. Ein person som mistar førarkortet sitt grunna svekka syn, kan oppleve å bli meir sosialt isolert. Livskvaliteten kan fortsatt vere god, men den kan og bli redusert eller ein kan bli mindre tilgjengeleg for resten av lokalsamfunnet, kor ein ønsker å delta. Mobilitet og moglegheit til å kunne forlate heimen, har vore eit grunnleggjande aspektet ved livskvaliteten for eldre⁸.

Å vere mobil, uansett om det er snakk om 100 meter eller ei mil, er veldig ofte inngangsporten til både sosialt liv og arbeid. Å sikre berekraftig mobilitet er både helsefremjande og førebyggjande til dømes med omsyn på einsemd og psykiske lidningar.

Langsiktig strategisk mål kan då vere:

- sikre god og berekraftig⁹ mobilitet for alle

God mobilitet betyr til dømes at ei reise frå dør til dør skal vere mest mogleg smidig, kjekk og triveleg.

Reisa startar i heimen og at god mobilitet òg er viktig for korleis ein kjem seg frå stova og ut. Det inneber at knutepunkt og stader med mykje trafikk (til dømes eit butikkområde eller bussterminal) skal vere universelt utforma, vere tydeleg sikra og lagt til rette for alle trafikantar (last/distribusjonsbilar, syklistar, gåande o.s.b.).

⁸ NSD/Undersøkinga *Betydningen av hverdagsmobilitet for eldre menneskers velferd og trivsel* (2011): <http://nsddata.nsd.uib.no/webview/?submode=abstract&mode=documentation&study=http://nsddata.nsd.uib.no/obj/fStudy/NSD2111&mode=documentation>

⁹ «Berekraftig» inneberer til dømes ikkje bruk av fossile energibærarar (bensin, diesel).

«Triveleg» er eit sosialt aspekt, som kan bety at ein møter på andre, som naboar, med-elevar, kollegaer o.s.b., at reisa skjer i hyggelege omgjevnadar (natur, god arkitektur/design, utan sjenerande støy og utslepp o.s.b.), fråvær av kriminalitet og store helserisiko.

Berekraftig mobilitet inneber at reisa er: a) helsefremjande b) går føre seg anten med kollektivtransport (buss, gonge, sykkel) eller utsleppsfrie bilar.



«Einar Nøttesen», ein av kommunen sine nye maskotar, er med på å dele ut gratis sykkelbjøller til skuleelevar i forbindelse med den Europeiske mobilitetsveka i september 2018. At kommunen er med slike kampanjar, nyttar «gulrøter», sikrar seg prosjektmedel og (om)prioriterer areal er verktøy som kan sikre betre mobilitet for alle.

Bil har mange fordelar og er nødvendig i mange samanheng på Bømlo, men om ein skal drive folkehelsefremjande planlegging, er det utan tvil best at så mange reiser som mogleg, gjerast med kollektivtransport. Å planlegge med omsyn på kollektive løysingar er i praksis inkludering. Ein sikrar at Bømlo blir meir tilgjengeleg for alle, òg for personar utan førarkort eller eigen bil.

Å sikre god og berekraftig mobilitet er med andre ord veldig relevant for å nå overordna målsettingar og hovudtema i både KPS og andre planar: livsmeistring, arbeidsliv, sosial likskap, digitalisering, framtidretta bustadbygging, kultur og idrett, næringsliv, inkludering, friluftsliv, skulestruktur, handel o.s.b.

Som med målsettingane udner avsnittet om oppvekst, forpliktar desse den vidare, politiske arealdisponeringa. Nokre gonger handlar det om å (om)prioritere eksisterande areal. Andre gonger kan det dreie seg om å gje tydelege krav og føresegner.

Å satse på sykkel og gonge, kartleggje og utvikle sykkel og «gå-strategiar» (gonge- og tilgjengelegheitsanalyser, «walkability») er gode verktøy for folkehelsefremjande lokal- og nærsenterutvikling.

Mobilitet er eit stort tema, med mange moglege perspektiv. Dette skal bli tematisert fleire gonger i det vidare arbeidet med kommuneplanen.

I denne saka blir det viktig å tenke mobilitet med omsyn på bakgrunnstala og stille følgjande spørsmål for vidare politiske drøfting:

- korleis planlegg me slik at mobilitet blir noko triveleg og gjev lyst til å bevege seg?
- korleis sikrar me deltaking og inkludering for alle fram mot 2049?
- korleis kan god mobilitet vere med på å gjere Bømlo meir attraktiv for nye tilflyttarar som ønsker til å etablere seg ein plass?

- I kva grad vil ein kommune med helsefremjande mobilitet, vere attraktiv for næringslivet og arbeidsgjevarar¹⁰?

ATTRAKTIV KOMMUNE – DØME DRIKKEVATN

Kommunar som kan gje innbyggjarane sine høg livskvalitet er attraktive for alle. Ei aktuell problemstilling omtala i oversynsdokumentet som handlar om attraktivitet og folkehelse, og som må få ei politisk drøfting i det vidare kommuneplanarbeidet, er drikkevatn.



Reint drikkevatn (nummer 6) og fleire andre av FN sine bærekraftsmål skal Bømlo vere med på å oppfylle.

Reint drikkevatn kjem ikkje av seg sjølv. Over heile verda krev dette politisk styring og planlegging for å

sikre.

Bømlo har blitt kåra til å ha vestlandets beste drikkevatn. Det er eit politisk val om ein ønskjer å sørge for at alle skal ha tilgang til dette, eller berre nokre. Lokalpolitikarane på Bømlo skal følgje ny drikkevatnforskrift¹¹ og er ansvarlege for at alle skal få reint drikkevatn og sørge for planlegging og finansiering infrastruktur. Kor og korleis dette blir planlagt vil påverke utbyggingsmønster og arealbruk.

Å byggje ut infrastruktur er ei økonomisk prioritering. Vatn og avlaup til spreidd busetnad kostar vesentleg meir i investering og drift, enn meir samla infrastruktur. Vel ein det første, må dette finansierast av til dømes høgare kommunale avgifter.

Dei nye kvalitetskrava gjer det i praksis at private løysingar blir vanskelege. Til dømes er borehøhl ikkje ei god løysing når dette fører til at grunnvasstanden søkkjer. Då sett ein alle i ein kritisk situasjon. Eit alternativ er at planlegg langsiktig og krev at nye utbyggingar skal ha påkoplingsplikt. Fritidsbustader har no same kvalitetskrav som andre.

I kommuneplanen kan ein velje å seie at ein vil satse på å utvikle lokal- og nærsentra (som Moster, Rubbestadneset, Langevåg o.s.b.), som vil gjere det enklare å lage forutseielege og dermed mest mogleg rimelege, utbyggingsplanar for infrastruktur som vatn og avlaup.

Alternativet er meir tilfeldig utbygging med svært kostbare tilpassingar i ettertid. Dette er politiske val.

¹⁰ Døme, om fysisk aktivitet i arbeidstida, *Ledernytt - Bedre kommunikasjon og bunnlinje med trening* (01.10.18): <https://www.ledernytt.no/bedre-kommunikasjon-og-bunnlinje-med-trening.6152378-349910.html>

¹¹ Sjå til dømes Mattilsynet og «De viktigste endringene i den nye drikkevannsforskriften»: https://www.mattilsynet.no/mat_og_vann/vann/vannforsyningssystem/de_viktigste_endringene_i_den_nye_drikkevannsforskriften.25148



Frå Bømlavatn – BVA sine facebooksider då dei blei kåra til vinnar av vestlandets beste drikkevatt, i klassen for overflatevatn (innlegg frå 19.09.18)

I det vidare arbeidet med kommuneplanen må ein så stille seg følgjande spørsmål for politiske drøfting:

- Drikkevatt som attraktivitetsfaktor for kommunen; «Vestlandets best drikkevatt» for alle?
- Spreidd utbyggingsmønster og høgare kommunale utgifter/avgifter?
- Påkoplingsplikt for nye utbyggingar?
- Tydelege krav for kven som er ansvarlege for vatn kvalitet i fritidsbustader?

OPPSUMMERINGAR OG ARBEIDET VIDARE

Mykje av løysingane på utfordringane bakgrunnstala gjer oss, ligg altså i kva ein gjer i tidleg i livet. Det som skjer med kvar ein skild av oss dei 1000 første dagane– frå unnfanging av - påverkar resten av livet med omsyn på nesten alt, som grunnlaget for god livsmeistring. KDP Oppvekst kjem til å handle meir om dette.

Me har eit utgangspunkt som andre kommunar kan misunne oss: barn og unge er stolte av kystkulturen sin, og ønsker å bruke kystnaturen meir gjennom fysisk aktivitet. Dette er kanskje det beste utgangspunktet ein kan ha for å få fleire unge til å etablere seg i Bømlo. Tydelege politiske val, basert på innspel frå barn og unge, kan gjere Bømlo attraktiv for nye barnefamiljar.

I framtida må kommunar som Bømlo gjere seg *attraktive* på fleire felt som med omsyn på bedrifter, besøkjande (turisme) og bustadkvalitetar¹². Dette må til for å løyse og førebyggje for tidleg død av ikkje-smittsame sjukdomar, psykiske lidingar og muskel og skjelettplager.

Kva som er attraktivt med Bømlo, og kor me skal starte med å skape gode og sunne oppvekstmiljø, er det me sjølv som må bestemme. I løpet av hausten blir det difor ein eigen politisk sak om *attraktive nær- og lokalsenter*, med drøfting og prinsippvedtak. Til grunn ligg både nasjonale krav om attraktive leveområde¹³, men og planar som «Regional plan for attraktive senter i Hordaland¹⁴».

¹² «Attraktivitetspyramiden» er beskrevet i mellom anna rapporten *Suksessrike distriktskommuner* (2012). Distriktsenteret.

¹³ *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* (2015)

¹⁴ https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regionale-plan-for-attraktive-senter-i-hordaland_web.pdf

Som nemnt kan nokre viktige strategiske val vidare vere:

- **Førebygging: planlegging som generer høg livskvalitet og held befolkninga frisk**
- **Kvart år få fleire arbeidsføre, unge i etablerarfasen, til å flytte til Bømlo**
- **å få ein felles langsiktig visjon for heile Bømlo (kap. 4.1.1 i planprogrammet), som eit godt startpunkt for å kunne gripe fatt i samtlege av utfordringane som bakgrunnstala gjer oss**
- **at alle barn i Bømlo kommune skal kjenna at dei er ein del av fellesskapet, føle at dei høyrer til og erfare at det er bruk for dei**
- **sikre god og berekraftig mobilitet for alle**
- **det beste drikkevandet til alle**

Difor blir det viktig at ein i kommuneplanen sin samfunnsdel KPS:

- syner overordna mål og tydelege tverrsektorielle tiltak
- tek nokre langsiktige arealstrategiske føringar



Innspelsdøme frå Dialogmøte for folkevalde og kommunalt tilsette og utval for Helse, sosial – og omsorg i juni 2018.

Deltakarane skulle mellom anna svare på kva ein la i omgrepet «å ta ansvar for eiga helse» og kva slagordet «driftige folk i vakker natur kunne bety, med omsyn på omsorg og helse.

Klarar kommunestyret å gjennomføre desse innspela har me nådd veldig langt i å løyse helseutfordringane i oversynsdokumentet.

For å gjennomføre eit innspel som «Flott natur, turløyper og moglegheiter». «Lett tilgang til natur og friluft. Legg til rette for at flest mogleg for det», må dette på plass i overordna planar og få konsekvensar for arealpolitikken.